



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Sognekraft, Vik

**Møtedato:** 28.02.2014

**Tid:** 09:30-13:45

A. Disse møtte

| <b>Faste medlemmar</b>   |
|--|
| Noralv Distad, ordførar Aurland kommune<br>Harald Offerdal, ordførar Balestrand kommune<br>Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune (frå sak 2)<br>Olav Lunden, ordførar, Leikanger kommune<br>Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune<br>Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune<br>Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune<br>Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune<br>Forfall: Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune |
| <b>Medlemmar</b>   |
| Arve Varden, rådmann Høyanger kommune (frå sak 2)<br>Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune<br>Jarle Skartun, rådmann Luster kommune<br>Jostein Aanestad, rådmann Sogndal kommune<br>Oddbjørn Ese, rådmann Vik kommune<br>Karina Nerland, dagleg leiar  |
| <b>Andre</b>   |
| Administrerande direktør Terje Bakke Nævdal, Sognekraft<br>Lufthamnsjef Svein Sanden, Avinor   |

- C. Ordførar Marta Finden Halset ønskte velkomen til Vik
- D. Innkalling godkjent utan merknader
- E. Sakliste godkjent med endring av rekkefølge slik at sak 2 val av leiar og sak 3 val av arbeidsgrupper vart teke til slutt
- F. Protokoll frå møte 6. desember 2013 godkjent utan merknader

## Sakliste

| Saksnr.     | Arkivsaksnr. | Tittel   |
|-------------|--------------|--|
| <b>1/14</b> | 14/190       | <b>Innmelding Høyanger kommune</b>                               |
| <b>2/14</b> | 14/748       | <b>Val av leiar for Sogn regionråd 2014</b>                      |
| <b>3/14</b> | 14/749       | <b>Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2014</b>               |
| <b>4/14</b> | 13/438       | <b>Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn</b> |
| <b>5/14</b> | 14/746       | <b>Orienteringssaker 28.2.2014</b>                               |
| <b>6/14</b> | 14/750       | <b>Lønn dagleg leiar</b>   |

**Sak 1/14**  
**Innmelding Høyanger kommune**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek at Høyanger kommune vert medlem i Sogn regionråd.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek at Høyanger kommune vert medlem i Sogn regionråd.

**Sak 2/14**  
**Val av leiar for Sogn regionråd 2014**

**Tilråding:**

For 2014 vert

- Harald Offerdal vald som leiar i rådet
- Jan Geir Solheim vald som nestleiar i rådet.

**Vedtak:**

For 2014 vert

- Harald Offerdal vald som leiar i rådet
- Jan Geir Solheim vald som nestleiar i rådet.

**Sak 3/14**  
**Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2014**

**Tilråding:**

Sogn regionråd skal ha desse arbeidsgruppene:

- 
- 

Representantar i gruppene er:

- 
-

## **Vedtak:**

Sogn regionråd held fram med å ha dei same arbeidsgruppene:

- Helsegruppe
- Næringsutvikling-/RUP-gruppe
- Samferdslegruppe

Petter Sortland blir representant i næringsutviklings-/RUP-gruppa. Det vert elles ikkje endringar i gruppesamansetjingane.

**Sak 4/14**

### **Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn**

## **Tilråding:**

Sogn regionråd tilrår at medlemskommunane gjer prinsippvedtak om å delta i eit hovudprosjekt for pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn i samsvar med tilrådingane i forprosjektrapporten av 29.1.2014.

I hovudprosjektet vert det utgreidd både ein felles modell og ein modell med to organisasjonar.

## **Handsaming**

Det kom framlegg om at følgjande setning vert teke ut: I hovudprosjektet vert det utgreidd både ein felles modell og ein modell med to organisasjonar.

## **Vedtak:**

Sogn regionråd tilrår at medlemskommunane gjer prinsippvedtak om å delta i eit hovudprosjekt for pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn i samsvar med tilrådingane i forprosjektrapporten av 29.1.2014.

**Sak 5/14**

### **Orienteringssaker 28.2.2014**

## **Orienteringar og drøftingar**

### 1. Leiar

- LVK: Presentasjonar frå samlinga er lagt ut på LVK sine nettsider
- Kommunereforma – vidare prosess: Det var møte i regi av Fylkesmannen 14. februar der fleire deltok (Distriktssenteret, fylkeskommunen, høgskulen mv).

- Tema bør involvera fleire enn ordførarane. Det er aktuelt med felles formannskapsmøte i løpet av året om kommunereforma
- Harald N. Offerdal orienterte om ei utgreiing av framtidig kommunestruktur som Askvoll, Fjaler og Hyllestad inviterte til hausten 2012. Både Høyanger og Balestrand har under visse føresetnader sagt ja til å vere med på ei utgreiing. Lite har skjedd sidan 2012, men det vil kome ei prosjektskisse i løpet av våren.
  - Ordførarsamling: aktuelt med samling utanfor regionen i august
2. Legevakt og lokalmedisinsk senter - status om vedtaka i kommunane
  3. Programstyret «System for styrka læring» »: Framlegg til strategidokument vil bli sendt til kommunane for ev. innspel og vil bli lagt fram til neste regionrådsmøte.
  4. Administrasjonen
    - Produkt- og marknadsanalysen for heilårsreiseliv: Arbeidet er godt i gang med spørjeundersøking/intervju av gjester, tilbydarar og tuoperatørar. Analysen vil bli presentert i neste regionrådsmøte
    - Reiselivsorganiseringa i Sogn: Det vart sett at totalt kr 535 000 av rådet sine RUP-midlar i påvente av svar på søknad. Vi har fått tilsagn om kr 800 000 i eksterne midlar (kr 300 000 frå fylkeskommunen og kr 500 000 frå Nærings- og fiskeridepartementet). Sogn regionråd sine utgifter for hovudprosjektet utgjer kr 295 000, etter at midlane er fordelt mellom regionrådet og selskapet i samsvar med søknad. Unyttta midlar vert sett av på fond.
    - Karrieremessene i Trondheim og Bergen hadde mange besøkande. Vi har laga film, brosjyre og materiell/messevegg finansiert av unyttta profileringsmidlar frå 2013. Neste messe er i Oslo 13. mars.
    - Næringsnettverket har oppretta arbeidsgrupper for å følgja opp tiltaka i tiltaksplanen og rådet vil få orientering seinare.
  5. Brannstudien : Framlegg til fråsegn var utsendt til møtet. Ingen merknader. Beredskapsarbeidet kan vera aktuelt tema for kommunane i løpet av året.
  6. Sognefjellstunnelane: Framlegg til brev til Samferdselsdepartementet var utsendt til møtet. Det kom innspel om tilføyning «frå Fodnes til Øvre Årdal» i siste avsnitt. Elles ingen merknader.
  7. Styreleiar Erling Stadheim og adm. direktør Terje Bakke Nævdal, Sognekraft, orienterte om status for konsesjonshandsaminga for kraftverka i regionen og om utfordringar i høve linjekapasitet. Det vart orientert om innhald og prosess for Vassdirektivet, og at det kan gjevast innspel undervegs i prosessen fram til 2015.
  8. Lufthamnsjef Svein Sanden, Avinor, orienterte om status og planar ved Sogndal lufthamn Haukåsen: Passasjertala har auka. Prosjekt er ny flyoppstillingsplass og nytt parkeringsareal. Framover bør det arbeidast for betre flyplassveg, utnytte rutetilbodet betre enn i dag særleg på sommarstid, nattstasjonert fly (neste NTP) og at kommunane opplyser på sine nettsider om at vi har ei lufthamn.

**Skriv og melding**

1. Referat frå møte i næringsnettverket 9.-10.12.2013. Referert.
2. Notat om status i prosjektet lokalmedisinsk senter av 12.2.2014. Referert.

**Sak**        **6/14**  
              **Lønn dagleg leiar**

**Handsaming:**

Dagleg leiar gjekk ifrå møtet.

**Vedtak:**

Sogn regionråd fastset lønn dagleg leiar til kr. 550 000 pr. år med virkning frå 1/1 2014.

Harald Offerdal  
leiar

Noralv Distad

Olav Lunden